

Faarlund, Mæhlum & Nordgård (red.) 1998. *MONS 7. Utvalde artiklar frå det 7. Møtet Om Norsk Språk i Trondheim 1997*. Novus forlag.

ISBN 82 7099 307 7

Side 2–12.

# **Ordaksent og andre tonar: ein kommentar**

**Jardar Eggesbø Abrahamsen**

I Riad (1996) vert det lagt fram ein tonal dialekttypologi for norsk og svensk på grunnlag av ein typologi som er presentert i Bruce og Gårding (1978). Dei tonale einingane som vert bruka, er leksikalsk aksent 1, leksikalsk aksent 2, fokustone og grense-tone (boundary tone). Dei to leksikalske aksentane svarar til dei to tonelaga i skandinavisk (termen vert altso nytta annleis enn «leksikalsk tone» hjå Hognestad 1997:169f og Lorentz 1995). Eg vil drøfta grunnlaget for den typologien.

## **1. Den svenske typologien**

Det vert sett opp fire aksenttype-par, ut ifrå kombinasjonen av H og L. I dei to fyrste av dei fire typane er det i tillegg teke med ein tone som ikkje vert assosiert til noka staving ved tonem 1. Dét er mindre viktig for oss, so eg skal forenkla den tonale representasjonen litt i høve til Riads analyse. Den forenklinga gjeng ikkje ut over det poenget som eg skal gripa fatt i.

Dei fire aksenttypane som typologien opererer med, er fordelte på ulike svenske og norske dialektar slik som i (1).

Til formalismen i (1) kan eg nemna at det som kjem til vinstre for den understreka tonen, er den leksikalske aksenten. Den understreka tonen er ein sokalla fokustone. Den siste tonen av alle, den som har ei skarp høgreklamme etter seg, er grense-tonen.


(1) Etter Riad (1996:135).

aksent 1	aksent 2	område
LHL]	HLHL]	Stockholm, Älvdalen, nordlege Sverige, Stavanger, Snappertuna
HLH]	LHLH]	Malmö, Bergen, Narvik
LH]	HLH]	Götamål, austnorsk, Oslo
HL]	LHL]	Dalamål, Bergslagen, Gotland, Blekinge


Riad fører opp bergensk i oversynet sitt. Eg er sunnmøring, men sunnmørsk og bergensk har mykje sams, so eg tek sunnmørske døme med godt samvit, og byrjar med (2).

(2) sunnmørsk

a. *nåla* /<sup>1</sup>no:la/ HLH



b. *vane* /<sup>2</sup>va:ne/ LHLH



Ordet *nåla*, uttala med ein H tone til slutt, har desse tonane på seg: HLH. Den fyrste tonen er den leksikalske aksenten for tonem 1, den andre er ein L som Riad kallar fokustone, og som trondheimsmiljøet (t.d. Fretheim 1993, Nilsen 1992) i dette tilfellet vil kalla fraseaksent eller frasetone. Den siste tonen er den høge grensetonen.


Sameleis for tonem 2: I ordet *vane* har me fire tonar: LHLH. Dei to fyrste er den leksikalske aksenten for tonem 2 (LH). Den tredje er den låge fokustonen/fraseaksenten, medan den siste er den høge grensetonen.


Me kan samanlikna dette med dei austlandske orda i (3). Eg tek *vane* fyrst. Der har me tri tonar: HLH. Etter Riad vil då den siste vera den høge grensetonen, den nest siste vil vera den låge fokustonen, og den fyrste vil vera ein høg tone for tonem 2.

I *nåla* har me berre to tonar: LH. Den siste er då etter Riads analyse den høge grensetonen, og den fyrste vert den låge fokustonen. Her er det ikkje plass til nokon eigen tone for leksikalsk aksent, og tonem 1 i austnorsk vert definert som fråvær av ein eigen leksikalsk aksent.

(3) austlandsk

a. *nåla* /<sup>1</sup>no:la/ LH





## 2. Problem med denne analysen

Riad peikar på at straks me kjenner den leksikalske aksenten, veit me òg kva fokustonen og grensetonen vert: «[...] tones with different functions are required to alternate between H and L, in all dialects. If the lexical tone is or ends in L, then the Focus tone will be H and the Boundary tone will be L].» (s. 133) Dette ser han på som eit utslag av det sokalla OCP (prinsippet om obligatorisk kontur), med referanse til Lorentz (1995).

Men det som Riad ser på som eit utslag av OCP, ser ikkje ut til å vera uavhengige data, men data som set føre at det finst ein OCP-mekanisme som fungerer i samsvar med analysen av dataa. Analysen ser altso noko sirkulær ut.

Nærare sagt: Ei fonetisk tonerørsle, altso på overflata, må veksla mellom H og L. Ei «veksling» mellom H og H eller mellom L og L er ikkje noka veksling, og kan heller ikkje observerast. Det einaste me kan observera fonetisk, er nettopp vekslinga mellom høge og låge tonar.

Når me då har ein sekvens av fonetisk vekslande H og L, so har dette vorte analysert som éin tone for kvar fonologiske tonale konstituent, t.d. *nåla* med H leksikalsk aksent, L fokustone og H grensetone, til saman tre tonar.

Denne analysen legg so Riad til grunn og seier (s. 133) at han vil «interpret this as strict obedience of the OBLIGATORY CONTOUR PRINCIPLE». Dermed kan det ogso predikerast at ein L fokustone berre vil lata seg kombinera med ein H grensetone,

og motsett. Dataa ser altså ut til å ha vorte tolka etter eit prinsipp som byggjer strengt på konklusjonen av tolkinga.

I analysen vert det operert med ulike aksentslag: leksikalsk aksent, fokustone og grensetone. Etter t.d. Pierrehumbert og Beckman (1988) og Nilsen (1992) kan me sjå på dei ulike aksentane som utslag av ulike lisensieringsinstansar i eit prosodisk hierarki. Riads analyse verkar på si side meir lineær: Det er ein analyse som i praksis gjeng frå høgre mot vinstre, i og med at den siste tonen alltid vert analysert som realisering av ein grensetone, og berre grensetone. Den nest siste tonen vert analysert som realisering av berre fokustone. Og dersom det ikkje er nokon tone til overs heilt til vinstre då, so vert det analysert som at det ikkje finst nokon leksikalsk aksent der.

Denne analysen kjem av postulatet om at OCP kontrollerer den tonale djupstrukturen, slik at ei lisensiering av ein tone berre kan generera ein annan tone enn grannelisensieringane på begge sider.

### 3. Problem med den leksikalske aksenten

Dette er ein linearitet som fær konsekvensar.

Om det finst ein ordtone eller ikkje for tonem 1 i eit ord som «nåla», er etter denne analysen avhengig av kor mange tonar me har til saman på overflatenivået. Riad har med utgangspunkt i OCP postulert eit éin til éin-forhold mellom overflatetonar og aksenteiningar i djupstrukturen. Me må ha tre tonar til saman for å ha både grensetone, fokustone (etter Riads terminologi), og ein leksikalsk aksent for tonem 1. For sunnmørsk vil dét altså tyda HLH.

Ei ytring som «mannen teker nåla» /<sup>1</sup>maɲɪ <sup>1</sup>te:ke <sup>1</sup>no:la/, som i (4), skulle då verta uttala med tre førekomstar av HLH, som i (4a).<sup>1</sup> Eit slikt intonasjonsmønster ville likevel ikkje vera akseptabelt, jamvel om det er mogeleg å uttala, og jamvel om mønsteret vert predikert av den lineære analysen som tek


---

<sup>1</sup>Den litt låge starten på konturane i (4) er reint fonetisk.


utgangspunkt i ein H grensetone.

(4) sunnmørsk: *Mannen teker nåla.*


a. # HLH HLH HLH



b. HL HL HLH



c. HL HL HL



Eit akseptabelt tonemønster på ytringa ville vera det me finn i (4b), med HL i både «mannen» og «teker», men med HLH i «nåla». Etter den framlagde dialekttypologien skulle då dei to fyrste orda høyra heime i ein annan dialekttype enn det siste ordet, ettersom dei to fyrste realiseringane av tonem 1 ville mangla leksikalsk aksent, men ikkje den siste. Me kjem attende til (4c) seinare.

#### 4. Problem med grensetonen

No er det slik at grensetonen, den siste tonen i ytringa, har etter den svenske analysen vorte postulert å vera konstant innanfor éin og same dialekttype, altså anten berre H eller berre L. Og det skal vera det motsette av det som der vert kalla fokustone, som igjen skal vera det motsette av den siste tonen i ein eventuell leksikalsk aksent.



Men grensetonen er ikkje konstant.

I sunnmørsk og andre norske dialektar som har vorte systematisk undersøkte, kan grensetonen veksla mellom H og L. Det tyder ikkje at det er slik i alle dialektane, t.d. finst det truleg nordnorske dialektar som ikkje kan veksla mellom H og L grensetone (Tronstad 1995:87). Men poenget er at det finst dialektar som *kan* veksla.

På sunnmørsk er det då mogeleg å seia *nåla* både med HLH og med HL. Etter den framlagde typologien skulle desse to realiseringane av tonem 1 ikkje vera mogelege innan éin og same dialekttype. På sunnmørsk er det ogso mogeleg med både (4b) og (4c).

Etter det som Riad legg til grunn for analysen sin, kan det òg vera vanskeleg å skjøna det sunnmørske subminimale paret i (5). Ytringa i (5a) er eit alternativspørsmål, den i (5b) er eit ja/nei-spørsmål.

(5) sunnmørsk

a. *Vil du ha burger eller kebab?* — kebab HLb. (*Eg er utseld for pølser, men*) *vil du ha burger eller kebab?* — kebab HLH

I alternativspørsmålet vil *kebab* med HL verta analysert som tonem 1 utan leksikalsk aksent. I ja/nei-spørsmålet vil *kebab* med HLH verta analysert som tonem 1 *med* leksikalsk aksent, og dermed som ein annan dialekttype, og ikkje berre som eit anna slags spørsmål. Ein pragmatisk analyse av dette finn me i Fretheim (1993).

## 5. Løysing

Det som skaper problem i Riads analyse, er statusen til grensetonen og måten OCP vert bruka på. I døme (4b) såg me at me hadde ein H grensetone berre etter det siste ordet, altså heilt til slutt i ytringa. Men me hadde tre førekomstar av tonem 1, og tre

førekomstar av initial HL. Det tyder då på at grensetonen vert lisensiert frå eit anna nivå enn leksikalsk aksent i eit hierarki av prosodiske konstituentar.

Grensetonen er altso knytt til ytringsnivået, og ikkje til ordnivået. Når me analyserer eit ord som er uttala isolert, vil det ordet få på seg alle dei tonane som elles skulle ha vorte fordelte over ei heil ytring.

Det fyrste me må gjera då, er å analysera den leksikalske aksenten uavhengig av grensetonen, og ikkje avhengig av grensetonen.

Det andre me må gjera, er å revurdera funksjonen til OCP. I Riads analyse har OCP avgjort kva slags tonar ein prosodisk lisensieringskonstituent kan *generera*. Me har sett at den funksjonen har skapt problem. Og ettersom tonar etter autosegmental eller autosegmentalt basert analyse ikkje skal ha nokon særstatus i høve til andre slags autosegment, ser me snart at det òg kan vera problematisk dersom OCP skal ha ein epentetisk eller dissimilatorisk funksjon på den underliggjande forma. OCP er jo nettopp eit prinsipp frå autosegmental fonologi.

Det skulle t.d. verta vanskeleg å bøya verbet *lysa* i preteritum som *lyste*, fordi me då vil få to førekomstar av trekket [-stemd] etter kvarandre, rett nok lisensierte frå to stader. Men me har sett at ogso grensetone og det som har vorte omtala som fokustone, vert lisensierte frå to ulike stader, og sorterer under ulike domene i det prosodiske hierarkiet.

Dei to tonemønstra *kebab* med HLH og *kebab* med HL vil då etter min analyse begge ha både leksikalsk aksent (nemleg den fyrste høge tonen), fraseaksent/fokustone, som er den låge tonen som kjem rett etter den leksikalske aksenten, og til slutt ein grensetone. Dei to låge tonane er lisensierte av ulike prosodiske domene, og dei kan opptre upåverka av kvarandre som éin fonetisk tone på den siste stavinga. I den grad eit prinsipp om obligatorisk kontur likevel skulle vera inne i biletet her, måtte det vera ved at OCP slær saman to identiske grannetonar i den fonologiske representasjonen. OCP har vorte nytta slik i Abrahamsen (1998) i ein analyse av to ytringsinterne H som var

lisensierte av ulike domene i det prosodiske hierarkiet. Kva for ein av desse to analysane som er den beste med tanke på grensetonen, må uavhengige data fortelja oss, og dei har me ikkje her.

Riads analyse og min analyse er samanlikna i (6). Ein viktig skilnad mellom dei to analysane er at eg vil analysera den fyrste tonen I eit ord som *kebab* som leksikalsk aksent (etter Riads terminologi) anten eg har HLH eller HL. Den leksikalske aksenten vert etterfylgd av det som miljøet i Trondheim plar kalla fraseaksent. Riads fokustone svarar då til anten fraseaksent eller det som eg analyserer som leksikalsk aksent, alt etter korleis grensetonen etter ein hierarkisk analyse ser ut.

(6)

	<i>Kebab</i> H L	<i>kebab</i> H L H
etter Riads analyse	Ø <u>H</u> L]	H <u>L</u> H]
min analyse	H <u>L</u> L] → H L	H <u>L</u> H]

Den einaste skilnaden mellom ytringane i (4b) og (4c) vil dermed vera at i (4b) deler det øvste prosodiske domenet ut ein H til slutt, i (4c) er det ein L, som då slær lag med den L som var der frå før, og som var lisensiert av eit lægre domene.

## Litteratur

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1998. Remarks on the oxytonic accentual pattern in a West Norwegian dialect. Stefan Werner (red.): *Nordic Prosody VII*. Frankfurt am Main – Berlin – Bern – New York – Paris – Wien: Peter Lang Europäischer Verlag der Wissenschaften.
- Bruce, Gösta og Eva Gårding 1978. A prosodic typology for Swedish dialects. Gårding et al. (red.): *Nordic Prosody. Papers from a symposium*. Lunds universitet. 219–228.
- Fretheim, Thorstein 1993. Om ikoniske og ikke-ikoniske delmelodier i østnorske intonasjonsmønstre. *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Forhandlinger 1992*.

- Hognestad, Jan K. 1997. *Tonemer i en høytonedialekt. En undersøkelse med utgangspunkt i Egersund bymål*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Lorentz, Ove 1995. Tonal Prominence and Alignment. *Phonology at Santa Cruz* 4. 39–58.
- Nilsen, Randi A. 1992. *Intonasjon i interaksjon — sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Universitetet i Trondheim.
- Pierrehumbert, Janet og Mary Beckman 1988. *Japanese Tone Structure*. Cambridge – London: The MIT Press.
- Riad, Tomas 1996. Remarks on the Scandinavian tone accent typology. *Nordlyd* 24, 1996. 129–156.
- Tronstad, Ingunn 1995. *Myter og realiteter om norsk intonasjon*. (Uprenta hovudfagsoppgåve.) Universitetet i Trondheim.